



Skulemusikken sytte for flott opning på aktivitetsdagen.

**Dei frammøtte fekk oppleva ei flott opning på aktivitetsdagen i går. Skulemusikken opna nemleg det heile med å marsjera frå skulen til arrangementsområdet i båthamna. Der framførte dei 5 nummer. - Ein flott start som sette bygda i feststemning, seier ein av dei frammøtte.**

Skulemusikken har siste åra hatt ei fin utvikling, og etter 17.mai kom det 6 nye musikantar inn i korpset. Det var Tobias H. Berge-Soldal, Ingrid Klyve, Torbjørn Haugland, Kristiane Skjelnes, Malena Hjelmeland og Sigri Lekva. Mindre enn ein måned etterpå var dei altså klare for sin første opptreden med korpset då dei debuterte under aktivitetsdagen. Imponerende!

Frå tilhøyrarhald får vi opplyst at skulemusikken var svært flinke og kom svært godt frå opptreden laurdag. Dirigent Tor Skeie Olsen er også svært godt fornøgd:

- Det er ein kjempekjekk gjeng, seier han når dei no tar ferie. Til hausten er han klar for sin 6. sesong med dirigentpinnen.



[Her er den flotte gjengen frå ein annan vinkel.](#)

Tekst og nett: Thor Inge Døssland (bortreist på dagen).  
Foto: Anja Strüter og Hege Lekva